

## Høyringsuttale i samband med ny kommunal helse- og omsorgslov:

"Det største ankepunktet mot den nye lova, er at lovgjevar her synes å ha fjerna seg frå det rettsperspektiv ein fann i sosialtenestelova. Dette vil kunne redusere brukaren si forutberegnelegheit, og der igjennom rettstryggleiken.

Ein kan vidare stille spørjeteikn ved kvifor det i den nye lova vert lagt til grunn ein nærast omvendt forståing av tvangsbegrepet, samanlikna med den beslekta pasientrettslova kap. 4A.

Atter vidare synes det som om dei i sosialtenestelova prosessuelle reglar om kostnadsansvar for heim- og tenesteytarkommune ikkje vidareføres.

Det hadde vore hensiktsmessig om lovgjevar hadde nytta høvet til å løyse den uheldige situasjon som oppstår, når bruker avviser kommuna sitt tilbod grunna i val av yting, og kommuna si ytingsplikt består."

Elin Soglo,  
Ergoterapeut, Lom kommune